

<b>HANDBOK FOR GULEN KOMMUNE</b>		
	<b>Vedtekter for kommunale barnehagar</b>	Ajourført pr.03.04.09 Ansvarleg: KBR

**VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE I GULEN KOMMUNE FRÅ 01.04.09 – Vedteke i kommunestyret den 18.02.09, K-sak 2/09**

**A. Eigar av barnehagane er Gulen kommune.**

Formål og drift skal vere i samsvar med Lov om barnehagar med tilhøyrande forskrift

**B. Opptak**

Det skal vere eitt hovudopptak pr. år, med opptak til plassar ledige pr. 15. august.

Søknadsfrist til hovudopptaket vert sett til 1. april.

Hovudopptaket skal vere samordna mellom private og kommunale barnehagar.

Barn som fyller 1 år innan utgangen av august, og det er søkt om plass innan frist for hovudopptaket, har rett til plass frå 15. august. Retten gjeld plass i den skulekrinsen der barnet bur når barnehageåret startar, og det omsøkte tal dagar pr. veke.

Prioritering av søkjarar ved hovudopptaket:

1. Barn som har rett til prioritet etter barnehagelova § 13
2. Barn busett i aktuell skulekrins og som har fylt 1 år innan august
3. Barn busett i ein anna skulekrins i kommunen, og som har fylt 1 år innan august
4. Barn busett i aktuell skulekrins, og som fyller 1 år innan desember.
5. Barn busett i andre kommunar

Ved hovudopptaket vert det ikkje tildelt plass til barn som skal ta til i barnehagen seinare enn 15. desember. Slike søkjarar vil verte vurdert i lag med søknader som er komne inn etter fristen for hovudopptaket.

Mynde til å gjere vedtak om opptak er delegert til rådmann. Utanom hovudopptak, er mynde vidaredelegert til styrar.

Det er klagerett, dersom søkjar ikkje får innfridd verken 1. eller 2. ynskje om plass. Hovudutval for undervisning, eller det kommunale organ som er ansvarleg for skulesaker, er underinstans. Den kommunale klagenemnda har avgjersmynde i klagesaker

**C. Oppseiing.**

Opptak gjeld generelt fram til skulestart, om ikkje anna er nemnt i vedtaket.

Oppseiing av plass – eller av delar av plass – skal gjerast skriftleg med minst 1 månads varsel. Oppseiing vil vere gyldig frå og med den 1. eller den 15. i kvar månad.

Kommunen kan seie opp plassen ved manglande foreldrebetaling. Slik oppseiing skal også varslast minst 1 månad før den vert gjort gjeldande.

**D. Foreldrebetaling.**

Satsar for foreldrebetaling vert vedteke av kommunestyret. Satsane kan endrast pr. 01.01. i samband med budsjettvedtak, men kan ikkje overstige maksimalsats som Stortinget bestemmer.

Dersom det vert føreslått endring av prinsipp for fastsetjing av foreldrebetaling, skal Samarbeidsutvala i barnehagane høyrast før det vert gjort vedtak.

HANDBOK FOR GULEN KOMMUNE		
	Vedtekter for kommunale barnehagar	Ajourført pr.03.04.09
		Ansvarleg: KBR

E. Leike- og opphaldsareal.

Rettleiande arealnorm vert sett til 4 m<sup>2</sup> pr. barn over 3 år, og 6 m<sup>2</sup> pr. barn under 3 år.

F. Opningstid og opphaldstid

1. Gulen kommune sine barnehagar er:

<i>Navn</i>	<i>Dagar pr. veke</i>	<i>Mnd. pr. år</i>
Brekke barnehage og skule	5	12
Byrknes barnehage og skule	5	12
Dalsøyra barnehage		
- avd. Dalsøyra	5	12
- avd. Eidsbotn	5	12
Eivindvik barnehage		
- avd. Eivindvik	5	12
- avd. Haveland	4	10

2. Dagleg opningstid er normalt kl. 07.45– 16.15. Opningstida kan endrast av Samarbeidsutvalet for barnehagen, men kan ikkje vere mindre enn 8,5 timar og ikkje meir enn 9,5 timar pr. opningsdag.
3. Det kan søkjast om plass for 2, 3, 4 eller 5 dagar pr. veke. Dalsøyra barnehage har unntak frå dette punktet i 2009, då vert der berre tildelt heile plassar
4. Dersom det er ledig kapasitet, kan det kjøpast tilfeldig plass. Dette må avtalast for kvart opphald, og må omfatte ein heil dag.

G. Andre tilhøve

1. Barnehagane skal nytte eige internkontrollsystem. Det vert vist til internkontrollhandbok for barnehagar i Gulen kommune.
2. Pedagogisk bemanning skal vere i tråd med Lov om barnehagar m/ forskrift. Ved fastsetjing av anna bemanning, skal det nyttast normtalet 1 vaksen pr. 6,5 plass.